

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 20.06.2017

Møtetid:

Kl. 19:00 –

Møtestad: Boknatun

Saksnr.:

023/17 - 033/17

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Eirik Nedrebø	Sp	Harald Øvrebø	Sp
Kjetil Vatnaland	Sp	Sandra Jøsang	Sp
Jørn Hansen		Edgar Våge	H

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Per Helge Sunde	027/17	-
Ann Jeanett Sunde Olaussen	027/17	-
Tormod Våga	032/17	-

Møteleiar:	Tormod Våga
Frå adm. møte:	Rådmann Jan Erik Nygaard, teknisk sjef Kåre Bua
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	Roar Kro Medhaug og Ann Jeanett Sunde Olaussen blei valdt til å underskrive protokollen

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
023/17	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.05.2017.
024/17	Budsjettkontroll 1. kvartal 2017
025/17	Rekneskap 2016
026/17	Årsmelding 2016
027/17	Reguleringsplan Føresvik Hamn - vestre del - endeleg godkjenning av justert planframlegg
028/17	Godkjenning av eigarskapsstrategi for Haugaland Brann og Redning IKS
029/17	Utviklingsplan for Haugesundregionen 2017 - 2020.
030/17	Kvalitetsmelding skule.
031/17	Kortversjon oversiktsdokument over folkehelsa Bokn kommune
032/17	Reguleringsplan for Vågaheia - klage på kommunestyret sitt stadfestingsvedtak
033/17	Meldingssaker til kommunestyremøte 20.06.2017.

023/17: Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.05.2017.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-023/17 VEDTAK:

Møtebok vart samrøystes godkjent.

024/17: Budsjettkontroll 1. kvartal 2017

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Budsjettkontrollen for 1. kvartal vert tatt til etterretning

09.05.2017 FORMANNSKAPET

FS-026/17 VEDTAK:

Budsjettkontrollen for 1. kvartal vart teke til etterretning.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-024/17 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

025/17: Rekneskap 2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet rår til at rekneskapet vert godkjent.

Av det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 5.235.502,76 vert kr. 80.000,- sett av til frivillighetsfond (innvilga men ikkje utbetalte tilskot i 2016) Dei resterande kr. 5.155.502,76 vert avsett til disposisjonsfondet.

06.06.2017 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

SB-011/17 VEDTAK:

Rådmannens innstilling vart samrøystes vedtatt.

06.06.2017 FORMANNSKAPET

Fellesforslag frå formannskapet.: kr. 200.000,- vert sett av til eige fond til lys på turstien.

FS-030/17 VEDTAK:

Formannskapet rår til at rådmannen sitt forslag til vedtak med tillegg av fellesforslaget frå formannskapet vert samrøysta vedtatt.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-025/17 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt med fylgjande tillegg:

«rådmannen får fullmakt til å utarbeide eit mandat for arbeidet i gruppa som har ansvaret for å skaffe lys på turstien.

026/17: Årsmelding 2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen si årsmeldinga for 2016 vert tatt til etterretning.

06.06.2017 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

SB-012/17 VEDTAK:

Rådmannens innstilling vart samrøystes vedtatt.

06.06.2017 FORMANNSKAPET

FS-031/17 VEDTAK:

Rådmannen si årsmeldinga for 2016 vart tatt til etterretning.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-026/17 VEDTAK:

Rådmannen si årsmeldinga for 2016 vart tatt til etterretning.

027/17: Reguleringsplan Føresvik Hamn - vestre del - endeleg godkjenning av justert planframlegg

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Føresvik Hamn – vestre del, med plankart dagsett 08.02.2017 og føresegner dagsett 29.05.2017.

07.06.2017 FORVALTNINGSSTYRE

FV-030/17 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-027/17 VEDTAK:

Per Helge Sunde og Ann Jeanett Sunde Olaussen gjekk frå som ugilde i saka grunna slektskap til nabo. 15 voterande i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedtatt.

028/17: Godkjenning av eigarskapsstrategi for Haugaland Brann og Redning IKS

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune godkjenner eigarstrategi for Haugaland brann og redning IKS slik den ligg føre.

Jan Erik Nygaard
Rådmann

06.06.2017 FORMANNSKAPET

FS-032/17 VEDTAK:

Eit samrøysta formannskapet rår til at eigarstrategi for Haugaland brann og redning IKS vert vedtatt.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-028/17 VEDTAK:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt.

029/17: Utviklingsplan for Haugesundregionen 2017 - 2020.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommunestyre vedtek forslag til «Utviklingsplan Haugesundregionen» for perioden 2017-2020 med strategi- og tiltaksplan.

Dersom vedtaka i kommunene er ulike, gjev Regionrådet sitt arbeidsutval mandat til å avgjera om nye innspel og forslag til endringar skal takast hensyn til og på bakgrunn av dette gjera endringar i planen.

Boknatun, 4. mai 2017

Jan Erik Nygaard
rådmann

Vidar Vorraa
Haugaland Vekst IKS

09.05.2017 FORMANNSKAPET

FS-028/17 VEDTAK:

Formannskapet satt fram revidert forslag:

Andre avsnitt i framlegg til vedtak vart erstatta med;
«Bokn kommunestyre vil understreke viktigheten av at planen må sikre aktivitet og nyskaping i alle kommuner. Det må sikres at planen åpner for nye muligheter og ikke begrenser fremtidig aktivitet».

Vedtaket var einstemmig.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-029/17 VEDTAK:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt.

030/17: Kvalitetsmelding skule.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-030/17 VEDTAK:

Kvalitetsmeldinga frå Bokn vart tatt til orientering.

031/17: Kortversjon oversiktsdokument over folkehelsa Bokn kommune

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen innstiller på å ta kortversjon «Folkehelsa i Bokn – ei oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar» til etterretning.

09.05.2017 FORMANNSKAPET

FS-027/17 VEDTAK:

På side 7 setning som begynner med « på den andre sida» og «Brua til Austre Bokn» vert teke ut.

På side 16 var parentes «(born av einslege forsørgjarar)» teke ut.

«Folkehelsa i Bokn – ei oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar» vart elles teke til etterretning.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-031/17 VEDTAK:

«Folkehelsa i Bokn – ei oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar» vart, med formannskapet sine endringar, tatt til etterretning.

032/17: Reguleringsplan for Vågaheia - klage på kommunestyret sitt stadfestingsvedtak

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune viser til brev dagsett 29.05.2017 frå Fylkesrådmannen i Rogaland knytt til kommunestyret sitt vedtak i sak 017/17, og vedtar revidert planframlegg med plankart dagsett 13.06.2017 og føresegner dagsett 27.02.2017.
Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

20.06.2017 FORVALTNINGSSTYRE

FV-033/17 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg fekk alle røystene og blei vedtatt.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-032/17 VEDTAK:

Tormod Våga gjenn frå som ugild. 16 voterande.

033/17: Meldingssaker til kommunestyremøte 20.06.2017.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingssakene blir tatt til orientering.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-033/17 VEDTAK:

Meldingssakene blei tatt til orientering uten merknader til sakene.

***** TILLEGGSSAKER *****

034/17: DESTINASJONSSELSKAPET FOR HAUGESUND OG HAUGALANDET - utvidelse av aksjekapital.

SAKA ER TATT OPP UTANOM SAKSKARTET.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-034/17 VEDTAK:

Kommunestyret vedtok samrøystes å gi fullmakt til ordfører, eller den ordfører gir fullmakt, til å møte i generalforsamlingen i Destinasjonsselskapet og gå inn med inntil kr 50.000,- i ny aksjekapital frå Bokn kommune.

035/17: Oppnemning av leiar i Bokn bygdemuseum - styret.

SAKA VART TATT OPP UTANOM SAKSKARTET.

20.06.2017 KOMMUNESTYRET

KS-035/17 VEDTAK:

Kommunestyret vedtok samrøystes å oppnevna Arvid Sæbø som leiar av Bokn bygdemuseum for perioden 2017 – 2019.

